

Utgreiing av føretaksgrensar i indre Hardanger

Forslag til mandat og prosjektorganisering (UTKAST til Helse Vest styret 7. desember 2011)

Bakgrunn

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 28. april 2011 la til grunn at den forsterka fødestova i Odda blir gjort om til ordinær jordmorstyrt fødestove i tråd med Helsedirektoratet si tilråding. Helse- og omsorgsdepartementet bestemte samstundes at det i samband med slik omlegging skal gjerast ei gjennomgang av kva for nye funksjonar som skal leggjast til sjukehuset og ei vurdering av om Odda sjukehus bør bli overført til Helse Bergen HF. Saka er også omtala i føretaksmøtet i Helse Fonna HF 31. mai 2011.

Odda sjukehus er i dag ein del av Helse Fonna HF. Opptaksområdet for sjukehuset er kommunane Eidfjord, Ullensvang, Odda og Jondal (ca. 12.500 innbyggjarar).

Mandat

Prosjektet skal vurdere ei endring av føretakstilknytning for Odda sjukehus og eventuelle konsekvensar for ei slik endring. Prosjektet skal ha som mål å bidra til å sikre gode helsetenester, effektiv samhandling med kommunane og rett ressursbruk i spesialisthelsetenesta. I val av løysingar skal nasjonale og regionale føringar samt samhandlingsreforma leggjast til grunn og vere tufta på befolkninga sine behov for spesialisthelsetenester.

Prosjektet skal særleg fokusere på å

- avklare behov/årsak til ønskje om å endre føretakstilknytning for Odda sjukehus
- vurdere ulike konsekvensar ved ei endring for både Helse Bergen HF og Helse Fonna HF. Det må i vurderinga takast omsyn til:
 - heilskapelege pasientforløp
 - endringar i behovet for spesialisthelsetenester frametter
 - berekraftige fagmiljø
 - reisetid
 - samhandling med kommunane (samhandlingsreforma)
 - prehospitale tenester
- belyse verknad av endra kommunikasjonar med særleg vekt på ny Hardangerbro, tunnel opp Skjærvet (Granvin – Voss), samt utbetringar elles av vegen frå Voss til broa (E13) med kortare reisetid frå Odda til Voss med 30 – 50 min.
- belyse eventuell ulikskap i moglegheitsrommet for Helse Bergen versus Helse Fonna ved eventuell overføring av oppgåver til Odda sjukehus.
- belyse konsekvensen for Haugesund sjukehus kva gjeld framtidige funksjonar når opptaksområdet blir innskrenka.

- belyse konsekvensen av overflytting av Odda sjukehus til Helse Bergen for framtida for Stord sjukehus, og dermed også Haugesund sjukehus.
- belyse konsekvensen av overflytting av Odda sjukehus til Helse Bergen for andre institusjonar innanfor Helse Fonna sitt opptaksområde.
- peike på og vurdere alternativ til overflytting av Odda sjukehus som til dømes avtalebaserte fleksible føretaksgrenser for aktuelle kommunar.
- endring i kommunikasjonar og kommunikasjonsmønster i indre Hardanger
- utvikling i demografi og busettingsmønster.

Hovudproblemstillinga som prosjektet skal utgreie er av prinsipiell karakter, og prosjektet må søke å belyse dei ulike problemstillingane på ei slik måte at dei har overføringsverdi for andre sjukehus og institusjonar/kommunar både i Helse Fonna sitt opptaksområdet, men også i regionen elles.

Prosjektet skal ha ein varigheit fram til ddmåååå

Prosjektorganisering

Prosjektet skal vere organisert med prosjekteigar, styringsgruppe og prosjektgruppe.

Prosjekteigar er Helse Vest RHF.

Prosjekteigar har ansvar for

- godkjenning av prosjektdirektiv og omfang
- behandling og godkjenning av endringar i prosjektets omfang
- handtere eventuelle behov for dekning av utgifter i prosjektet

Styringsgruppe

Det blir oppretta ei styringsgruppe for prosjektet leia av Helse Vest RHF med følgjande deltaking:

- 1 representant frå Helse Vest RHF
- 2 representantar frå Helse Fonna HF
- 1 representant frå Helse Bergen HF
- 3 representantar frå kommunane
- 1 representant frå vernetenesta
- 1 representant frå dei tillitsvalde
- 1 brukarrepresentant

Prosjektgruppe

Det blir oppretta ei **prosjektgruppe** leia av Helse Fonna HF med følgjande deltaking:

- 1 representant frå Helse Vest RHF
- 2 representantar frå Helse Fonna HF
- 2 representantar frå Helse Bergen HF
- 4 representantar frå kommunane
- 1 representant frå vernetenesta
- 2 representantar frå dei tillitsvalde
- 1 brukarrepresentant

Arbeidsgrupper/delprosjektgrupper i prosjekt

For deler av arbeidet under prosjektet vil det kunne vere aktuelt å opprette egne arbeidsgrupper for å løyse konkrete arbeidsoppgåver med egne leveransar til prosjektgruppa undervegs i prosjektarbeidet. Arbeidsgruppene blir oppnemnde av prosjektgruppa og rapporterar til denne.

Ved bruk av arbeidsgrupper/delprosjektgrupper er det føresett ein likeverdig deltaking frå helseføretaket og kommunane og at tillitsvalde, vernetenesta og brukarar frå både helseføretaket og kommunane er representert.

Referansegrupper

Referansegrupper kan opprettast når prosjektet treng spesiell kompetanse for å utvikle og / eller kvalitetssikre prosjektet eller ved behov for særskilt forankring. Dette kan vere ein god måte å sikre brei deltaking og gode innspel i prosessen

Sekretariat/ekstern bistand

Til styringsgruppa skal det etablerast eit sekretariat som består av ein person utpeikt av Helse Vest RHF. Styringsgruppa tar stilling til eventuelt behov for ekstern bistand.